

# Årsmelding 2020



SOGN REGIONRÅD

## Innhold

<b>1</b>	<b>Sogn regionråd</b> .....	<b>3</b>
1.1	Møte og deltaking .....	3
1.2	Rekneskap – økonomiske resultat .....	3
<b>2</b>	<b>Aktivitetar i 2020</b> .....	<b>4</b>
2.1	Attraktiv buregion .....	4
	Bustadutvikling .....	4
	Rekruttering .....	4
	Integrering og inkludering.....	4
2.2	Kompetanse .....	5
	Regionalt barnehage- og skulesamarbeid .....	5
	Fagkompetanse til verksemdene.....	6
	Kompetanseutvikling i arbeidslivet.....	6
	Fleire lære plassar i Sogn.....	6
	Desentralisert sjukepleiarutdanning .....	6
	Samarbeid om kommunepsykologar.....	7
2.3	Næringsutvikling .....	7
	Samarbeid om felles interesser.....	7
	Regionale møteplassar .....	7
	Reiseliv .....	7
2.4	Samferdsle.....	7
2.5	Ny regionalplan.....	8
2.6	Fellesordningar i Sogn regionråd .....	8
	Kommunenett .....	8
	Geografisk informasjonssystem (GIS).....	8
2.7	Samarbeidsfora i Sogn regionråd.....	9
	Rådmannsgruppa.....	9
	Regionale nettverk .....	9
2.8	Samarbeid i fylket.....	10
2.9	Orienteringar og gjesteforedrag .....	10
2.10	Rapportar.....	11
2.11	Fråsegner .....	11
<b>3</b>	<b>Rekneskap</b> .....	<b>12</b>
3.1	Rekneskapsoversikt.....	12
3.2	Bruk av fond .....	13

# 1 Sogn regionråd

## 1.1 Møte og deltaking

Sogn regionråd er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27<sup>1</sup>. Medlemskommunane er Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Ordførarane i kommunane er faste medlemmar i regionrådet. Rådet si samansetjing er slik:

Luster kommune, Ivar Kvalen (leiar)  
Aurland kommune, Trygve Skjerdal  
Høyanger kommune, Petter Sortland  
Lærdal kommune, Audun Mo  
Vik kommune, Roy Egil Stadheim  
Årdal kommune, Hilmar Høl

Sogn regionråd hadde 5 møte:

28. februar, Sogndal  
22. april, digitalt møte  
12. juni, Lærdal  
30. oktober, Aurland  
11. desember, Høyanger

Rådet handsama 24 saker i løpet av året.

Det var felles møtedag 4. september med formannskapa og samarbeidspartar om ny regionalplan for Sogn 2020-2024.

Sogn regionråd har eige sekretariat med dagleg leiar tilsett i full stilling.

Rådet kan etablera arbeidsgrupper som førebur saker til rådet og arbeider for å påverka avgjerdestakar innanfor sitt område, jf retningslinjene. Rådet har for tida ei slik gruppe; samferdslegruppa som er samansett av fire ordførarar. Gruppa hadde 5 møte (fysisk og digitalt).

## 1.2 Rekneskap – økonomiske resultat

Rekneskapen for 2020 vert revidert som ein del av rekneskapen i Sogndal kommune.

Sogn regionråd fekk totalt tilført inntekter på kr 7 761 091. Av dette utgjer eksterne midlar kr 2 644 278 og refusjon frå kommunane kr 4 764 247, inkludert kr 3 818 000 i kontingentmidlar.

Det er brukt kr 1 040 682 av bundne fond, medan ubrukne midlar kr 1 357 153 er avsett til fond. Renteinntektene av fondsmidlane utgjer kr 59 269, og er avsett til fondsmidlar prosjekt. Positivt netto driftsresultat er kr 316 471. Meirverdiavgiftskompensasjonen utgjer kr 351 986.

Detaljar i rekneskapen og gjennomgang av bruken av fondsmidlar går fram av punkt 3 i årsmeldinga.

---

<sup>1</sup> Rådet vil seinare ta stilling til omdanning i samsvar med ny kommunelov

## 2 Aktivitetar i 2020

Sogn regionråd har skissert mål og strategiar for det regionale utviklingsarbeidet i "Regionalplan for Sogn 2017-2020". Strategiplanen tek utgangspunkt i regionale utfordringar om folketalsutvikling-/framskriving, sysselsetting og næringsstruktur. Sogn regionråd har fire tema i planen: Attraktiv buregion, kompetanse, næringsutvikling og samferdsle. Handlingsplanen blir rullert årleg.

### 2.1 Attraktiv buregion

#### Bustadutvikling

I perioden 2017-2019 samarbeidde kommunane om å bruke bustadtilbodet som tiltak for tilflytting og for å trekka til seg fleire innbyggjarar. Etter endt prosjektperiode kan kommunane halda fram med å dela erfaringar og vidareføra arbeidet i eigen regi.

#### Rekruttering

Sogn regionråd arbeider for rekruttering til regionen. Framtidsfylket arrangerer årleg karrieremesser og regionrådet koordinerer kommunane si deltaking. Det var messer i Trondheim og Bergen januar og februar. Messene gir oss høve til å profilera regionen og breidda i arbeidsmarknaden. Rådet løyvde kr 60 000 i tilskot til messene og dekker fellesutgiftene til stand og materiell. Ei arbeidsgruppe i HR/personalnettverket har delteke i førebuing og gjennomføring av messene.

#### Integrering og inkludering

Gjennom prosjektet *Sogn for alle* ønsker vi å bli betre på å nytte innvandrarak som ressurs i næringslivet og lokalsamfunnet. Vi skal bli betre på å samarbeide på tvers av offentleg, privat og frivillig sektor og vi skal arbeida meir heilskapleg. Målet med prosjektet er å sikra verdiskaping og vekst gjennom auka sysselsetjing og bulyst blant innvandrarak. Prosjektet går over fire år. Heidi Myrvold byrja som prosjektleiar i full stilling 1. mai 2020.

Prosjektet har etablert ein struktur som sikrar brei involvering og forankring. Styringsgruppa er leia av Hilmar Høl, ordførar i Årdal, og har deltakarak frå frivilligheit, næringsliv, fylkeskommune (nærings og rektor vidaregåande skule), den kommunale flyktingtenesta og NAV. Det har vore tre møte. Dei har mellom anna handsama strategi- og handlingsplan, aktørkart og kommunikasjonsplan.

Det er etablert fire delprosjekt med tilhøyrande arbeidsgrupper. Dei fire delprosjekta er arbeid, bustad, språk og utdanning, og familie og fritid. Arbeidsgruppene er breitt sett saman av representantar for kommunane, NAV, fylkeskommunen og andre relevante aktørar som t.d. næringsliv, innvandrarråd og frivilligheita. Arbeidsgruppene vart etablert på hausten og gjennomførde ein til to møte i 2020. Delprosjekta er leia av ein frå styringsgruppa.

Prosjektet er leia i tett samarbeid med kommunane som har ein kontaktperson inn mot prosjektet. Behov og ressursar i kommunane vart kartlagt i byrjinga av prosjektet. Det er etablert eit fora for kontaktpersonane med faste møte kvar 6. veke. Målet er å styrke utviklingskapasiteten i kommunane innanfor feltet tilflytting, mangfald og inkludering. Kontaktpersonane leiar òg arbeidsgruppene i delprosjekta.

Prosjektleiing er finansiert gjennom løyving frå fylkeskommunen; kr 0,4 mill første prosjektår og kr 1,5 mill til dei tre neste prosjektåra. I tillegg kjem midlar frå kommunane og regionrådet.

Fleire av områda i prosjektet er aktuelle for ulike tilskotsordningar, det fyrste året fekk vi midlar av Vestland fylkeskommune til mentornettverket som starta opp hausten 2020. Det er fire mentorverksemdar og 12 mentorar. Det har vore arrangert to dagsamlingar for mentorane, ein har gått ut grunna Covid -19. Oppstarten legg eit godt grunnlag for vidareføring av mentorsatsinga. Likeins var det planlagt ein kick-off som ikkje har vore mogleg å arrangere grunna gjeldande smitteverntreglar. Denne må ein ta opp att som ein konferanse for mangfald og inkludering når situasjonen tillét det.

Prosjektleiar deltek i næringsnettverket sine møte og har oppretta kontakt med andre nettverk som til dømes det regionale flyktningnettverket, fylkeskommunalt nettverk for dei som jobbar med mentor og Distriktssenteret sine møte for dei som jobbar meg tilflytting.

## 2.2 Kompetanse

### Regionalt barnehage- og skulesamarbeid

*System for styrka læring* er kommunane i Sogn regionråd sitt regionale utviklingsprogram for 2013-2021. Målet er å styrke læringsutbytte for alle elevane, gjennom auka bruk av tilpassa opplæring og redusert omfang av spesialundervisning. Inger Marie Evjestad er programleiar i full stilling.

#### **Fagnettverk**

Vi arbeider i nettverk, både for barnehagane og skulane. Nettverka er tufta på gjensidig forplikting og handlar om å dela, bruka og skapa ny kunnskap. Høgskulen på Vestlandet er ein viktig samarbeidspart som er med på å sikra det faglege innhaldet i arbeidet.

Nokre samlingar har vorte avlyste på grunn av situasjonen med covid-19. Fleire er gjennomførde digitalt, noko som fungerer bra, men ikkje på høgde med dei fysiske samlingane. Samlingar som vart halde:

- Styrarnettverket har hatt ny barnehagelov, arbeid for godt barnehagemiljø og aktivitetsplikt som eit gjennomgåande tema. Dette har også vore teke inn i fagnettverka.
- I november vart det gjennomført ei felles digital fagøkt for alle tilsette, ca 400, i barnehagane i Sogn med mobbeombodet i Vestland som fagformidlar.
- Skulane har heile året arbeidd med Fagfornyninga som tema med fleire undertema som Overordna del av læreplanen, psykisk helse, dei nye læreplanane, tverrfaglege tema og ny elevrolle.
- Ei felles digital fagøkt for skulane den 12. august erstatta tidlegare felles samling. Dagen var todelt, der skulane med alle tilsette, arbeidde med temaet kvar for seg etter fagøkta.

#### **Dialogkonferanse, samarbeid med barnehage – og skuleregion Sogn og evaluering**

- Kvar vår har vi evaluerings- og planleggingsmøte for barnehage- og skulenettverka. Deltakarar er nettverksansvarlege, styrarar /rektorar, representantar frå PPT-kontora og høgskulen.
- Dialogkonferansen, ei felles leiarsamling med 62 leiarar innan oppvekst, Høgskulen og PPT, vart gjennomført i Flåm i oktober. Overordna tema for samlinga var Fagfornyninga og Ny barnehagelov. Aktivitetsplikta var tema for styrarane og mobbeombod Aina Drage stod for det faglege. Fagfornyninga var det overordna tema for skuleleiarane med Ingrid Jacobsen frå Høgskolen Innlandet som fagformidlar. Det var også sett av tid til ei felles evaluering av utviklingsarbeidet i Sogn med tanke på oppstart av arbeidet med vidareføring av programplanen i regionen. Ein ser nytten av å møtast på tvers av barnehage og skule og PPT. I tillegg deltok Høgskulen og vidaregåande skule. Arbeidet føregår i tett samarbeid med barnehage – og skuleregion Sogn. Prioriteringar for vidare felles arbeid blir også lagde her.

På felles fagnettverksside (fagnettverkisogn.no) blir det lagt ut presentasjonar for både barnehagane og skulane. Dette er informasjon for å dela erfaringar og dokument og for å gjera det lettare å ta teoriar og erfaringar i bruk i eigen barnehage og skule.

Entreprenørskapsmessa for ungdomsskulane måtte dessverre avlysast i 2020, då det ikkje let seg gjere å samle opp i mot 600 ungdomar og lærarane deira midt i ein pandemi. Det var Luster som skulle hatt messa denne gongen og dei blir arrangørar neste gong. For 2021 er det bestemt at messa skal vere digital.

### **Psykisk helse**

Arbeidet fortset etter vedteken «Regional plan for god psykisk helse». Planen inneheld felles regionale tiltak og det blir gjennomført opplæring i regionen etter fem modular kvar på 2 timar.

Fagdagen psykisk helse i byrjinga av mars hadde 90 deltakarar og temaet var åtfærd og barn som utfordrar oss. Vi har dialog med Høgskulen om korleis vi kan jobbe vidare med kompetanseutvikling og vidareføra arbeidet med inkluderande barnehage- og skulemiljø. Temaet psykisk helse er også eit viktig satsingsfelt nasjonalt innafor både barnehage og skule.

### **Eksterne midlar**

Regionen mottok frå Statsforvaltaren kr 371 380 innan rekom (regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage) som kan brukast til fellestiltak til dømes til kompetanseheving av barnehagepersonalet. Dei andre midlane knytta til dekom (desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen) og rekom går til einingane.

## **Fagkompetanse til verksemdene**

### **Kompetanseutvikling i arbeidslivet**

Sogn arbeider for at skule- og utdanningstilbodet styrkar samfunnsutviklinga og sikrar verksemdene sine behov. Kompetanseforum Vestland er eit overordna styringsorgan for arbeidet med kompetanseutvikling i arbeidslivet. Målet for arbeidet er at utdanningsinstitusjonane i større grad skal utvikla sine tilbod etter behova i arbeidslivet. Vestland fylkeskommune etablerte samarbeidsmodellen for Vestland etter same modell som i Hordaland. Deltakarar i den lokale samarbeidsarenaen er utdanningsinstitusjonar, næringsliv og offentlege aktørar. Sogn regionråd medverkar i arbeidet gjennom deltaking og koordineringsarbeid i lokal samarbeidsarena og samarbeider med Hardanger-Voss om innspel til Kompetanseforum Vestland.

### **Fleire lære plassar i Sogn**

Partnerskapsavtale om fleire lære plassar i Sogn vart fornya i oktober. Partane er NHO Vestland, LO Vestland og Vestland fylkeskommune og Sogn regionråd ved kommunane. Formålet med å arbeida gjennom partnerskapen er å samordne innsatsen slik at vi aukar tal lære plassar i Sogn og sikrar rekruttering av fagarbeidarkompetanse i arbeids- og næringsliv i regionen. Sidan avtalen vart inngått første gong i 2016 har tal lære plassar auka i Sogn. Samarbeidsområde og tiltak i den nye avtalen er i stor grad vidareføring av førre avtale. Kommunane har sett mål om 2,5 lærling pr tusen innbyggjar.

### **Desentralisert sjukepleiarutdanning**

Sogn regionråd har sidan hausten 2019 arbeidd for at kommunalt tilsette i Sogn skal gjennomføre ei desentralisert deltidsutdanning innan sjukepleie. Høgskulen på Vestlandet planlegg deltidsstudie med oppstart hausten 2021. Målet med prosjektet er at minimum 12 tilsette (inntil 20) byrjar på studiet. Helge Ulvestad er prosjektleiar. Vi har motteke kr 150 000 i fornyingsmidlar frå Statsforvaltaren til arbeidet og kompetansetilskot på kr 300 000 til norsk- og matematikkundervisninga for kvalifisering til deltidsstudiet.

## Samarbeid om kommunepsykologar

Det kom lovkrav om psykologkompetanse i kommunane frå 2020. Erfaringar frå fleire hald er at det vanskeleg å rekruttera og halda på psykologar i kommunane. Sidan hausten 2018 har kommunane samarbeidd der fokus har vore å førebu seg til å ta imot psykologar og danna grunnlag for godt fungerande teneste. Kommunane slutta seg til satsinga og i tråd med rapporten av 2019 inviterte regionrådet til oppstart av det regionale psykolognettverket. Nettverket gir høve for kollegastøtte, gjensidig rettleiing og fagleg utvikling for kommunepsykologane og for dialog med spesialisthelsetenesta. Helge Ulvestad er leigd inn til arbeidet. Fornyingsmidlane finansierer koordineringsfunksjonen og aktivitetane i nettverket.

## 2.3 Næringsutvikling

### Samarbeid om felles interesser

Nye strukturar gjer at samarbeid kjem til å spele ei viktigare rolle. Ordførarar frå Hardangerrådet og Sogn regionråd møttest i Øystese i september og drøfta tettare samarbeid og korleis utvikla Indre Vestland til å bli ein slagkraftig region.

### Regionale møteplassar

Sogn regionråd byggjer nettverk og samhandlingsarenaer og ønskjer å bidra til å styrka samarbeidet med næringsliv, utdanningsinstitusjonar, forskingsmiljø og organisasjonar. Møta i regionrådet er også arena for slik dialog og samhandling. Punkt 2.9 viser oversikt over orienteringar og gjesteforedrag i regionrådsmøta.

Vi samarbeider med forskings- og utdanningsinstitusjonar innanfor det regionale programmet for barnehage- og skuleutvikling.

### Reiseliv

Sogn regionråd bidreg til den felles reiselivssatsinga i Sogn. Rådet løyvde kr 250 000 i tilskot til Visit Sognefjord AS til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukt i Sogn.

Sogn regionråd er prosjekteigar for masterplan for reisemålet Sognefjord 2021-2033. Visit Sognefjord er prosjektansvarleg. Prosjektet er finansiert av Innovasjon Norge og Sogn regionråd. Planperioden er 2017-2021. Gjennom dette prosjektet skal Sogn utviklast som berekraftig reisemål. Arbeidet inneber ei kvalifisering for Innovasjon Norge sitt destinasjonsmerke for berekraftige reisemål.

## 2.4 Samferdsle

Ny samferdsleplanen for Sogn regionråd 2020-2023 vart vedteken i februar. Planen får fram kva samferdsleløysingar som er prioriterte i regionen, og legg grunnlag for rådet sitt arbeid i samband med regional transportplan og nasjonal transportplan. Handlingsplanen blir rullert årleg.

Samferdslegruppa har i sine møte drøfta strategiar for påverknadsarbeid til nasjonal transportplan og regional transportplan. Rådet gav fylkeskommunen innspel til prioriterte tiltak til NTP i februar på Skei og i mars og til departementet på hausten.

Rådet sine prioriteringar er rv 13 Vikafjellstunnelen, rv 52 Hemsedal tunnel Borlaug-Bjøberg, E39 Bogstunnel-Gaular grense og auka rammer til rassikring og fylkesveg. Ein felles presentasjon med dei prioriterte tiltaka vart utarbeidd til bruk i det politiske arbeidet.

Rådet sette av midlar i desember til auka ressursar til det strategiske påverknadsarbeidet til NTP og RTP.

## 2.5 Ny regionalplan

Arbeidet med ny regionalplan for Sogn 2020-2024 starta tidleg i 2020. Telemarksforsking utarbeidde ein regional analyse for Sogn (digital) som gav kunnskapsgrunnlag for planarbeidet. Planen er eit verktøy for rådet sitt arbeid med å utvikla regionen og inneheld felles mål, strategiar og tiltak. Det har vore gjennomført felles formannskapsdag og kommunevise møte for å drøfte kva som skal til for å få sterkare vekst og utvikling i Sogn og kva skal vera dei prioriterte satsingane for dei neste fire åra. Harald Husabø i BDO har vore prosessleiar for planarbeidet. Planen vart sendt på høyring i desember til kommunane og eksterne.

## 2.6 Fellesordningar i Sogn regionråd

### Kommunenett

Samarbeidsavtale om drift av kommunenett mellom kommunane og fylkeskommunen regulerer samarbeidet om IKT-tenester. Fleire kommunar sa opp avtalen i 2020.

### Geografisk informasjonssystem (GIS)

Kommunane har felles GIS-løysing med programvare for oppdatering av kartdata og forvaltning av kommunale avgifter. I tillegg har kommunane felles kartløyising på web der kartdata er tilgjengeleg for publikum. Kommunane har avtale med Norkart om drift av GIS-løysing og KomTek. Sogn regionråd har avtale med SIMAS om å utføre GIS-tenester for selskapet.

Sogn regionråd har tilsett GIS-koordinator i full stilling. GIS-koordinator er Dariusz Hauderowicz som rapporterer fagleg til dagleg leiar. Rådmannsgruppa er styringsgruppe for GIS-arbeidet.

### Oppgåver og aktivitetar:

- Kommunereforma: Matrikkel-systemet er oppdatert med nye kommunenummer og nye gårds- og bruksnummer frå 1. januar. Databaser (GIS og KomTek) er tilpassa for bruk med nytt oppdatert matrikkel.
- Kompetanseheving: Sakshandsamarar og nye medarbeidarar har fått opplæring innan forvaltning av vatn- og avløpkartdata, bruk av GIS-verktøy arealplan og KomTek- programvare.
- Kartdata i Sognregionen:
  - o Sentrallagring av felles kartbase med dagleg QMS-oppdateringar (lagring på felles server) hos Kartverket fungerer bra.
  - o Nye QMS-portaler for alle kommunane med plandata gir tilgang til oppdaterte plandata på nasjonalt nivå
  - o Kartlegging av feil og manglande registrering i matrikkelsystemet i bygningsdelen.
  - o Kommunane og SIMAS er i gang med eit prosjekt for kvalitetsheving av matrikkel for forvaltning av kommunale gebyr.
  - o Kommunane har starta opp prosjekt «Plan for friluftslivets ferdsselsårer» som skal identifisere, ivareta og utvikle stier, turveier, løyper og leder som er viktige for friluftsliv.



- Adresseprosjektet: Prosjektet for å få på plass vegadresser i regionen starta i 2012 og held fram. Skilting av vegane med adressenamnskilt held fram. Tal vegadresser for kommunane i Sogn i 2020: Aurland (79%), Høyanger (93%), Luster (93%), Lærdal (97%), Sogndal (96%), Vik (96%) og Årdal (97%).

## 2.7 Samarbeidsfora i Sogn regionråd

### Rådmannsgruppa

Rådmannsgruppa er eit forum for erfaringsutveksling og utviklar samarbeidet om kommunal forvaltning, administrative funksjonar og tenesteproduksjonen i regionen. Dagleg leiar i Sogn regionråd deltek i møta. Steinar Sjøgaard, rådmann i Aurland kommune, overtok som leiar i juni 2020 etter Jarle Skartun, rådmann i Luster kommune. Gruppa hadde 6 møte og blant sakene har vore: Interkommunale avtaler, utviklingsarbeidet i NAV, samarbeid om innkjøp, koronasituasjonen, desentralisert sjukepleiarutdanning, miljøretta helsevern, kvalitetsheving av data for kommunale gebyr, IKT-samarbeid, programmet System for styrka læring, prosjektet Sogn for alle, kompetanseutvikling i arbeidslivet og administrativ støtte for rådmannsgruppa.

### Regionale nettverk

Regionale fagnettverk er arena for erfaringsutveksling og kompetanseheving for tilsette og leiarar i kommunane, og gir høve for å setja tema på dagsorden, informera om aktuelle saker og samhandla med eksterne aktørar. Fleire nettverk hadde digitale møte. Nettverka har hatt følgjande aktivitetar:

Namn på nettverk	Tema /saker	Deltakarar og leiar
<b>Helse- og omsorgsnettverk</b>	Desentralisert sjukepleiarutdanning. Tal møte: 1	Helse- og omsorgsleiarar. Leiar: Åslaug Brænde, Sogndal kommune
<b>HR-/personalnettverk</b>	Deltakarane tek opp relevante tema innan personalområde og deler spørsmål og svar også mellom møta. Ei arbeidsgruppe deltok på fellesstand på karrieremessa i Bergen og Trondheim februar. Tal møte: 2	Personalleiarar/-medarbeidarar Leiar: Elin Heen, Årdal kommune
<b>IKT-nettverket</b>	Nettverket ønskjer å bli eit fagleg samarbeidsnettverk. Tidlegare var tema felles avtaler (kommunenett, GIS-løysing). Gruppa vart utvida slik at alle kommunane deltek. Tal møte: 2	IKT-medarbeidarar. Leiar: Eva L. Løvdahl, Årdal kommune.
<b>Kompetanseregion Sogn</b>	Rekom og dekom, prioritering og drøfting Vidareutdanning og rekruttering Arbeid med Plan for Psykisk Helse Spesialpedagogisk undervisning Inkluderande barnehage- og skulemiljø Koronastatus og løysingar Fagfornyninga Ny barnehagelov Plan for felles fagøktar haust 2020 PPT og pedagogiske rapportar Grunnskulepoeng Tal møte: 5	Barnehage- og skulefagleg ansvarlege. Programleiar for System for styrka læring.  Leiar: Knut Åge Teigen, Luster kommune som representerer Sogn i ulike samarbeidsfora.
<b>Næringsnettverket</b>	Fellesprosjekt i næringsnettverket Kompetanseutvikling i arbeidslivet Sogn for alle Koronasituasjonen for næringslivet og for reiselivet Tal møte: 2 fysiske og fleire digitale.	Næringsansvarlege, reiselivsdirektør, dagleg leiar i Sogn regionråd og prosjektleiar Sogn for alle. Leiar: Torgeir Skålid i Sogn

		næring, var leiar i nettverket til Terje Laberg i Årdal utvikling overtok i november.
<b>Plannettverket</b>	Samfunnsdelen til kommuneplanen og aktuelle saker i kvar kommune. Tal møte: 4	Planleggjarar. Leiar: Anja Marken, Aurland kommune.
<b>Psykolognettverket</b>	Oppstart i desember. Drøfta korleis bruke nettverket og førebuingar til ei regional samling. Tal møte: 1	Psykologar. Koordinator: Helge Ulvestad
<b>Oppmålingsgruppa</b>	Endringar i gebyrregulativ – sjølvkost og gebyr Gebyr til vegvesen og jordskifterett Ny oppmålingsforretning Felt- og byggesaksklient i kommunekart Tal møte: 3	Landmålarar GIS-koordinator i Sogn regionråd. Leiar: Eirik Norheim, GIS-ansvarleg, Høyanger kommune.
<b>Ungdomsnettverk</b>	Hybelbuarar, psykisk helse blant ungdom, UKM-arbeidet i kommunane og erfaringsutveksling. Tal møte: 1	Ungdomsarbeidarar. Leiar: Gunnvor Haug Moen, Årdal kommune.

## 2.8 Samarbeid i fylket

Sogn regionråd er representert i følgjande forum og råd:

**Breibandforum.** Breibandforum tek initiativ, utviklar felles prosjekt og samordnar aktivitetar for utbygginga av breiband i fylket. Arnvid Hovland, Høyanger overtok som Sogn regionråd sin representant etter Knut Navarsete, Sogndal.

**IT-forum Oppvekst og Utdanning.** Nettverket arbeider for å finna løysing for digitalt samarbeid på tvers av skulesteg. Sogn regionråd sin representant er Jarle Christensen, Vik kommune.

**Koordineringsrådet.** Koordineringsrådet i Helse Førde skal bidra til å utvikla og sikra kvaliteten på samarbeid og samhandling mellom partane. Gunn Lerøy, Lærdal kommune, overtok etter Arne Johansen som Sogn regionråd sin representant.

### **Regionråda si rolle i Vestland:**

Samarbeidsavtalen Sogn regionråd hadde med fylkeskommunen varte ut 2019. Drøftingane om regionråda si rolle starta i 2020. KS Vestland i samarbeid med Vestland fylkeskommune legg opp til ein prosess for å drøfta roller og samvirke i Vestland fylke.

## 2.9 Orienteringar og gjesteforedrag

I møta i Sogn regionråd har desse delteke med orienteringar:

- Ståle Brandshaug, reiselivsdirektør Visit Sognefjord AS
- Joakim Systaddal, tenesteleiar for nærings- og samfunnsutvikling Sogndal kommune, næringsnettverket i Sogn
- Olav Skarsbø, seniorrådgjevar Digitaliseringsdirektoratet
- Bjørg Kristin Selvik, prorektor for Utdanning og Tone Skjerdal, seniorrådgjevar avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt, Høgskulen på Vestlandet
- Erlend Fardal Lunde, EFL AS
- Harald Husabø, prosessleiar BDO
- Stig Berg-Thomassen, prosjektleiar, Kjartan Hove, avdelingsdirektør og Lars-Helge Rasch, informasjonsansvarleg for tunneloppgradering nasjonalt Statens vegvesen

- Erlend Fardal Lunde, marknadssjef og Åse Neraas, formidlingsleiar, Vitensenteret Sogn og Fjordane AS
- Ivar Petter Grøtte, sekretariatsleiar IT-forum Vest

## 2.10 Rapportar

Rapport utarbeidd på oppdrag frå Sogn regionråd:

- Regional analyse for Sogn (digital), Telemarksforsking

## 2.11 Fråsegner

Sogn regionråd har gitt følgjande fråsegner og innspel:

- Framtida til Tronvik psykiatriske behandlingsheim - til Helse Vest og Helse Førde, 3. mars 2020
- Innspel til Nasjonal transportplan 2022-2033 - til Vestland fylkeskommune 3. april 2020
- Innspel til Kompetanseforum Vestland- kompetansebehov covid-19, 30. april 2020
- Samarbeidsavtale mellom regionråda og Vestland fylkeskommune, 7. mai 2020
- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, 28. juni 2020
- Regional transportplan for Vestland 2022-2033, 10. juli 2020
- Regional plan for næringsutvikling og innovasjon Vestland, 20. august 2020
- Tiltak for næringslivet under koronakrisa, 21. august 2020
- Innspel til Kompetanseforum Vestland – kompetansebehov skuleåret 2021-2022, 31. august 2020
- Forslag til lovheimel som opnar for å oppheva kommunale bustadstiftingar, 2. oktober 2020

## 3 Rekneskap

### 3.1 Rekneskapsoversikt

Deltakarkommunar: Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal	Rekneskap 2020	Revidert budsjett	Opphavleg budsjett	Rekneskap 2019
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>				
Refusjonar frå deltakarkommunar	-4 764 247	-4 466 000	-5 512 000	-5 258 017
Refusjon frå staten	0	0	0	-145 370
Refusjonar frå fylkeskommunen	-580	0	0	-3 490
Refusjonar frå andre/private	-4 420	0	0	-29 225
Refusjon frå IKS der kommunen sjølv er deltakar	-164 000	-183 000	-193 000	-165 000
Refusjon fødselspengar	0	0	0	0
Overføringar frå staten	-2 160 858	-1 615 000	-820 000	-1 418 461
Overføringar frå fylkeskommunar	-230 000	0	-500 000	-500 000
Overføringar frå kommunar	-30 000	-30 000	-25 000	-126 000
Overføringar frå andre	-55 000	-510 000	-495 000	-111 891
Salsinntekter	0	0	0	-940
Mva kompensasjon	-351 986	0	0	-597 109
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-7 761 091</b>	<b>-6 804 000</b>	<b>-7 545 000</b>	<b>-9 200 550</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>				
Løn- og sosiale utgifter	2 354 005	2 687 000	2 687 000	1 647 792
Kjøp av varer og tenester som går inn i kommunal tenesteprod	2 271 812	2 191 000	3 576 000	3 808 741
Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteprod	300 000	0	0	18 819
Overføringar	2 578 072	2 772 000	1 627 000	3 172 135
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>7 503 889</b>	<b>7 650 000</b>	<b>7 890 000</b>	<b>8 950 373</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-257 202</b>	<b>846 000</b>	<b>345 000</b>	<b>-250 177</b>
<b>Finansinntekter/finansutgifter</b>				
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	0	0	0	0
Renteinntekter	-59 269			-136 394
<b>Resultat eksterne finanstransaksjonar</b>	<b>-59 269</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-106 495</b>
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-316 471</b>	<b>846 000</b>	<b>345 000</b>	<b>-356 672</b>
<b>Avsetjing og bruk av fondr</b>				
Bruk av bundne fond	-1 040 682	-1 635 000	-1 175 000	-1 773 192
Avsetjingar til bundne fond	1 357 153	789 000	830 000	1 617 604
<b>Sum avsetjing og bruk av fond</b>	<b>316 471</b>	<b>-846 000</b>	<b>-345 000</b>	<b>356 672</b>
<b>Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Oversikt over fond Sogn regionråd</b>				
	<b>31.12.2020</b>			<b>31.12.2019</b>
Sogn regionråd - diverse prosjekt	-523 644			-563 657
Sogn regionråd - ungdom	-85 408			-85 408
Sogn regionråd - barnevern	-17 517			-17 517
Sogn regionråd - barnehage	-1 617 027			-1 671 322
Sogn regionråd - skule	-1 245 354			-1 470 953
Sogn regionråd - Skule fagnettverk	-529 229			-529 229
Sogn regionråd - kontigent	-671 273			-636 814
Sogn Regionrådet - psykolog folkehelse	-483 818			-486 502
Sogn Regionrådet - Læringmiljøprosjektet	-428 005			-465 905
Sogn regionråd-Ultralydstyr Lærdal	-126 000			-126 000
Sogn regionråd-IKT	-88 104			-70 104
Sogn regionråd - Psykolognettverk	-229 336			0
Sogn regionråd - Vaksenopplæring	-263 697			0
Sogn regionråd - Sogn for alle	-11 527			0
Sogn regionråd - Mentorprogram	-119 943			0
<b>SUM</b>	<b>-6 439 883</b>			<b>-6 123 412</b>

## 3.2 Bruk av fond

Det står kr 6 439 883 på fond pr 31.12.2019.

### 1. Diverse prosjekt

Kr 523 644 er unytta utviklingsmidlar frå fylkeskommunen og kommunane og tilbakeført meirverdiavgiftkompensasjon.

### 2. Ungdom

Kr 85 408 er midlar sett av til ungdomsnettverket og er unytta midlar som ungdomsnettverket disponerer i samsvar med aktivitetsplanen.

### 3. Barnevern

Det står att kr 17 517 som kan nyttast til barnevern til dømes kompetanseutvikling.

### 4. Barnehage

Unytta eksterne midlar mellom anna frå Fylkesmannen til kompetanse og utvikling kr 1 671 027 er sett på fond.

### 5. Skule

Unytta midlar frå det regionale utviklingsprogrammet kr 1 245 354 er sett av på fond.

### 6. Fagnettverk

Unytta midlar frå fagnettverka utgjer kr 529 229 og er i hovudsak kontigentmidlar.

### 7. Kontingent

Unytta kontigentmidlar på kr 671 273 er sett på fond. Delar av sumen er renteinntekter av fondsmidlar.

### 8. Psykolog folkehelse

Unytta midlar frå direktoratet til psykologstilling kr 483 818 står på fond.

### 9. Læringsmiljøprosjektet

Unytta midlar frå Fylkesmannen kr 428 005 er sett av på fond og skal gå til vidare arbeid knytta til inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBOS).

### 10. Ultralydustyr

Midlane frå Sogndal kommune og Balestrand kommune til ultralydustyr er sett av på fond.

### 11. IKT

Unytta midlar kr 88 104 er sett på fond og kan dekke medlemsskap eller gå til kurs/samling innan IKT.

### 12. Psykolognettverk

Unytta midlar kr 229 336 er fornyingsmidlar som er sett av på fond til bruk til det regionale nettverket og koordinatorfunksjonen.

13. Unytta midlar til vaksenopplæringa kr 263 697 er sett på fond til bruk til aktivitetar.

14. Unytta midlar til prosjektet Sogn for alle er sett av på fond.

15. Unytta midlar frå fylkeskommunen til mentorprogrammet er sett av på fond til aktivitetane i 2020.



Sogn regionråd  
Postboks 153, 6851 Sogndal  
Telefon: 57 65 25 60  
E-post: [postmottak@sogndal.kommune.no](mailto:postmottak@sogndal.kommune.no)  
[www.sogn.regionraad.no](http://www.sogn.regionraad.no)



Aurland  
kommune



Høyanger  
kommune



Luster  
kommune



Lærdal  
kommune



Sogndal  
kommune



Vik  
kommune



Årdal  
kommune